



ÅRSMELDING 2003
(For tidsrommet 22/6-2002 – 21/6-2003)

Styret i Olav Sletto – selskapet har vore samansett slik:

Arne Skogheim (leiar), Turid Birgit Lien (nestleiar), Jul Haganæs, Per Lilleslett, Kåre Olav Solhjell, Kaare Wensaas. Varamedlemmer har vore Eva Lill Sletto, Hallgrim Berg og Olav Lia (avliden august 2002).

Arbeidet i selskapet har vore konsentrert om utgjevinga av årboka. Med god hjelp frå redaktøren, Kåre Olav Solhjell, og kassakreditt frå Hol Sparebank, vart boka gjeve ut før jul i 2002. Det vart ei fin bok med mange interessante artiklar, ikkje minst brevvekslinga mellom Olav Sletto og "Gamleklokkaren", S.Reinton, frå 1904 – 1919.

Artikkelforfattarar elles, ved sida av redaktøren, var Osvald Medhus, Jul Haganæs, Einar Tufte, Leif Tufte, Vidar Bergset, Per Olav Reinton og Arvid Møller. Både redaktøren og artikkelforfattarane har utført arbeidet utan særskilt vederlag! Me takkar hjarteleg for at dei har gjort årboka 2002 til eit verkeleg fint produkt!

Opplaget var på 500 eksemplar. Det er eit stort økonomisk lyft for eit lite lag å gi ut ei slik bok – så årbokutgjeving blir ingen årvisshending, sjølv om det ikkje er mangel på stofftilfang!

Olav Lia, medlem i selskapet frå starten, døydde i august 2002. Han hadde bede om at det i staden for blomar i gravferda kunne gjevast ei gåve til Olav Sletto – selskapet.

Selskapet har fått overført kr.7900,- som vart gjeve i gravferda etter Olav Lia. Me takkar hjarteleg for den omtanken han og familien har synt for arbeidet vårt.

Olav Lia hadde lagt ned eit stort arbeid med ei ordbok/ordforklaringar frå dei 44 bøkene til Olav Sletto. Dette materialet har og selskapet fått overta, og det vil bli arbeidd vidare med dette med tanke på seinare publisering.

Frå styret i A.E.Tufte AS har Olav Sletto-selskapet fått ei stor bokgåve. A.E.Tufte AS kjøpte i si tid reistlageret av Sletto-bøker frå Norli/Tanum forlag, samt reistlageret av Olav Brusletto sin roman "Gjenom eld". I gåvebrevet heiter det at "Vi, den yngre generasjon i firmaet A.E. Tufte AS vil gjøre vårt til at Hols store forfatter blir trukket fram i lyset". Dette er heilt i tråd med målsetjinga for selskapet, og me takkar hjarteleg for den fine gåva.

Medlemmene vil få tilbod om kjøp av desse bøkene til ein særskilt medlemspris.

Olav Sletto-selskapet har pr.1.juni 2003 63 medlemmer, ein framgang på 8 sidan sist årsmøte – men det er plass til mange fleire! Medlemmene blir oppmoda om å verva fleire Sletto-vener som medlemmer i selskapet.

For styret